


Psykisk helse og rustenesta i Giske



Utfordringar med psykisk helse, uheldig rus bruk og anna avhengighet kan ramme alle.

Det kan vere ulike årsaker til dette, både personlege erfaringar og kriser som rammer.

Ein kan ha behov for hjelp i ei avgrensa periode, andre har meir alvorlege og langvarige utfordringar.

Psykisk helse og rustenesta er eit gratis lavterskel tilbod til alle over 18 år som er bosatt i Giske kommune. Her vil ein få tildelt ein kontaktperson som er ein del av eit tverrfagleg team.

Vi ønsker å hjelpe brukarane til auka sjølvstendighet samt å betre kunne mestre eige liv. Dette meiner vi er viktig for å hindre utvikling av meir alvorlege lidingar. I tillegg har vi fokus på å forebygge psykiske lidingar og uheldig rus bruk.

Tenesta består av:

- Individuelle samtaler
- Miljøterapi
- Veileda internettbehandling
- Tilvising til behandling ved poliklinikk eller institusjon ved uheldig rus bruk.
- Tverrfagleg samarbeid med andre involverte instansar.
- Ivaretaking av pårørende i vanskelege livssituasjonar.

Vi har og tenesta «Rask psykisk helsehjelp», meir info i eige infoskriv.

Har du behov for tenester frå Psykisk helse og rustenesta?

Du kan be fastlegen din tilvise deg til oss, eller ta kontakt sjølv på telefon: 900 59 100.

Elles kan du bruke kontaktskjema på nettsida til Giske kommune; www.giske.kommune.no. Du finn Psykisk helse og rustensta under meny «Helse og levekår».

Vi held til på Rådhuset i Giske, adresse Valderhaug 4, 6050 Valderøy